



Kvinnherad kommune

Rådmannen
Samfunnsutvikling

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

Omega Areal AS, v/Signe T. Skogseth
Kvassen

5582 ØLENSVÅG

Saksbehandlar
Jon Harald
Kjærland

Tlf. direkte innval
53483273

Vår ref.
2013/729-3

Dato
19.04.2013

RAMMELØYVE (To - trinnsøknad) Delegert vedtak 2013/194

Tiltakshavar: Gryhelges Bar og Restaurant, Opsangervn. 69, 5460 Husnes

Tiltak: Tilbygg til restaurantbygg.

Areal tilbygg i alt: BRA= 87m² H01= 87 m²

Bebygd Areal BYA= 118 m²

Gnr/bnr: 144/145

Byggestad/adresse: Opsangervn. 69, 5460 Husnes

Ansvarleg søker: Omega Areal AS, v/Signe T. Skogseth.

Delegert vedtaksnr:2013/194

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §20-1 vert søknad journalført 14.03.2013 og tilhøyrande planar og teikningar godkjent i delegert sak nr: 2013/194. Godkjenninga omfattar også tiltaksklassar, kontrollplanar og ansvarsrettar for følgjande funksjonar og ansvarshavande:

- **SØK, PRO.: Omega Areal AS, Ølensvåg.**

Vilkår:

Tiltaket kan ikkje igangsetjast før det ligg føre igangsettingsløyve. Søknad om igangsettingsløyve må sendast særskilt til kommunen jf pbl 21-2.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Etter denne tid fell løyvet bort dersom det ikkje er fornya innan utløp av 3-årsfristen. Dersom tiltaket skal endrast i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve, og endringa må vera godkjent før tiltaket vert igangsett.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som kan påklagast etter vilkåra i forvaltningslova og pbl §1-9. Klagefristen er 3 veker frå motteken melding om vedtaket

Grunnlag for løyvet

- ✓ Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gjeve i eller i medhald av pbl, herunder vassforsyning, avløp og tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav, tekniske og estetiske krav.

- ✓ Deler av tiltaket (prosjektering) er dekket av ansvar med tilhørende ansvarsrett for ansvarlege føretak.
- ✓ Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla og det ligg ikkje føre protestar.
- ✓ Tiltaket krev ikkje ytterlegare løyve frå andre myndigheter .

Merknader

- **Dette løyvet med vedlegg er sendt til ansvarleg søkjar som skal varsla utførande og kontrollerande om løyvet og vilkåra til dette. Likeins skal han saman med ansvarleg kontrollerande tilretteleggja for gjennomføringa av kontrollen.**
- Rekning for saksbehandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til tiltakshavar.
- Søknad om igangsettingsløyve må sendast kommunen i samsvar med rammeløyvet ovanfor vedlagt nødvendige detaljteikningar, ansvarsrettar og kontrollplanar for prosjekterande og utførande samt nødvendige kontrollerklæringar. Tiltakshavar kan velja å dela opp igangsettingsløyve, jf pbl § 21-2. Det vert rekna gebyr for kvart igangsettingsløyve.
- Alle lovtilvisingar i denne godkjenninga kan finnast under internettportalen: www.dibk.no

For rådmannen i Kvinnherad

Saksbehandlar

Jon Harald Kjærland

Kopi til:

Tiltakshavar

Referatsak forvaltningskomiteen

Matrikkelførar Bygg

Tekniske Tenester, VAR (vatn/kloakk)